
Emne: Oppsummering etter møte 1. desember 2025

Kopi: Steffen Thorseth Løkling <steffen.lokling@nordang.no>, Harald Øvereng <harald.overeng@ulstein.kommune.no>, Even Soleng <even.soleng@ulstein.kommune.no>

Til: Ingerid Ulstein <ingerid.ulstein@ulsmo.no>, Christian Young <christian.young@ulsmo.no>

Sendt: 01.12.2025 12.14.00

Fra: Arne Runar Vik <arne.runar.vik@ulstein.kommune.no>

Til Fagertun as

Viser til møte i dag der følgjande tok del:

Fagertun as / Peab Nordang as: Ingerid Ulstein, Christian Young, Steffen T. Løkling

Ulstein kommune: Arne Runar Vik, Harald Øvereng, Even Soleng (del av møtet)

Basert på tidlegare korrespondanse og forhandlingar i møtet i dag, er det semje om følgjande:

1. Vassleidning – Fagertun as betalar eit anleggsbidrag på 200 000 kr til Ulstein kommune for framføring av ny vassleidning til eigedommen via kommunalt leidningsnett i Gjerdegata.
2. Overvassleidning – Fagertun as betalar eit anleggsbidrag på 50 000 kr for tilknytning av overvassleidning i sør-austre hjørne av gnr. 7, bnr. 830 til kommunalt overvassnett aust for nr. 7, bnr. 127.
3. Fagertun as betalar eit anleggsbidrag på 800 000 kr for fortau langs Gjerdegata frå sør-austre hjørne av Fagertun as sin eigedom, gnr. 7, bnr. 830, til Kyrkjebakken.

Når det gjeld bidrag frå Fagertun as til fortau langs Bakkegata, så er representantane for Fagertun as i prinsippet samd i tidlegare oversendt modell for utrekning av anleggsbidrag med sum 658 818 kr, men ønskjer tilsendt avtalane for blokka i Gjerdegata 31, gnr. 7, bnr. 761 (utbyggjar Ulstein Betong Constructor as) og for bustadane i Storejonmarka, gnr. 7, bnr. 488 (utbyggjar Tømrer Prosjekt as). Reduksjon frå utrekna beløp på 455 160 kr til 260 000 kr for Tømrer Prosjekt hadde si årsak i juridiske forhold, og at Tømrer Prosjekt utvida Bakkegata med 1 m breidde i om lag 40 m lengde frå krysset med Storejonmarka og austover for eiga rekning. Grunnlaget for desse avtalane ligg ved – skulle ha vore oversende tidlegare frå underteikna.

Repr. for Fagertun as stilte dessutan spørsmål ved kvifor 1 m breiddeutviding av Bakkegata på strekninga langs deira tomt var teke med i grunnlaget. Det sistnemnde orienterte underteikna om. Årsaka er at det under reguleringsplanarbeidet var konkludert med at det ikkje var ønskeleg å ta meir av hagegrunn og murar hjå etablerte bustadeigedommar enn høgst naudsynt både av økonomiske omsyn ved utbygging, og for å minimere ulempene for eigarane av tilstøytande bustadeigedommar. For blokka i Gjerdegata 31 var dette bidraget 2 m pga. regulert flytting mot deira eigedom er på inntil 2 m. Dermed fekk prosjektet i Gjerdegata 31 eit noko høgare bidrag for dette.

Kommunalsjef teknisk vil ta opp med leiar for teknisk utval at hovudprinsippa for utbyggingsavtalen får tilslutning hjå utvalet torsdag 4. desember (ettersendt sak), og at administrasjonen får fullmakt til å formulere ferdig avtaleteksten i samråd med Fagertun as, og leggje den ut til offentleg ettersyn. I så fall kan partane halde tidlegare planlagt framdrift med tanke på å få utbyggingsavtale godkjent i kommunestyret 12. februar 2026. Høyringsfrist med tanke på handsaming i teknisk utval før kommunestyremøtet må vere kring 20. januar, jf. høyringsfrist på minimum 30 dagar. Handsaming i

nemnde politiske møterunde vil vere ein fordel m.a. med tanke på framdrifta for vassleidning, fortau og overvasshandtering.

I møtet var det også snakka om tema som overvasshandtering, fordrøyingsbasseng og volum, entreprisseform, framdrift for vassleidning, avløpsanlegg og fortau. Dette vert å avklare i det vidare.

Vi held kontakten.

Beste helsing

Arne Runar Vik | kommunalsjef
Teknisk



ULSTEIN KOMMUNE

<http://www.ulstein.kommune.no><http://www.ulstein.kommune.no>

Tlf. 70017500 | Mob. 41582440
www.ulstein.kommune.no